



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til dispensasjon for påbygg, veg, vatn og avløp - Alver - 433/78 - Hella indre

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.07.21, med frist for uttale 09.09.21. Saka gjeld søknad om påbygg på 45 m<sup>2</sup> på fritidsbustad. Søknad gjeld vidare etablering av veg til hytte, samt vatn og kloakk. Tiltaka ligg frå om lag 13-50 meter frå sjøen i LNF-formål i kommuneplanen for tidlegare Radøy kommune. Tiltaka krev dispensasjon frå LNF-formålet og frå byggegrense mot sjø.

Vi kan ikkje sjå at det ligg ved ei grunngeve søknad om dispensasjon i sakspapira frå kommunen. Vi legg til grunn at kommunen har mottatt dette, sidan det står i byggjesøknad at dispensasjonssøknad er lagt ved. Vi minner likevel om at ein dispensasjon krev ei grunngeve søknad jf. plan og bygningslova (pbl.) § 19-1.

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

I denne saka er det snakk om påbygg på ei eksisterande fritidsbustad og bygging av veg og vatn og avløp. I LNF-formål og i strandsona skal ein ta særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, tilgjenge, natur og landskap. Etter påbygging vil fritidsbustaden vere noko høgare enn i dag, elles vil fritidsbustaden utvidast vekk ifrå sjøen. Det kjem ikkje klart fram kvifor ein treng veg ned til hytta. Vi forstår det slik at det skal vere to parkeringsplassar, men kan ikkje sjå at dette er teikna inn. Veg og parkering må i størst mogleg grad avgrensast og leggjast godt og minst synleg i terrenget. Det må vere vilkår for ein eventuell dispensasjon.

Tiltak naudsynt for å legge til rette for vatn og kloakk er i liten grad skildra. Vi legg til gunn at septiktankane skal gravast ned og at område vert tilbakeført etter arbeidet er utført. Det må også vere vilkår i ein eventuell dispensasjon. Både påbygget og vegen vil føre til endringar i landskap og auka privatisering av området. Dette må vere sentralt i kommunens vurdering av dispensasjonen.

Vi finn at saka skulle ha vore betre opplyst og må ta atterhald om at det kan føre til klage dersom kommunen finn å gi dispensasjon.



Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Svein Kornerud  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN